


---

## **Seljord kommune**

---



### **Delegasjonsreglement for Seljord kommune**

**Kommunestyre 20.10.2016 og vidareført  
10.12.2020 i sak 136/20**

## **Innhold**

|  |           |
|--|-----------|
| <b>1 Innleiing .....</b>   | <b>4</b>  |
| 1.1 Generelt .....   | 4         |
| 1.2 Formål med delegering.....   | 4         |
| 1.3 Referansar .....   | 4         |
| 1.4 Heimelsgrunnlag.....   | 4         |
| 1.5 Politisk organisering.....   | 6         |
| <b>2 Mynde.....</b>  | <b>7</b>  |
| 2.1 Generelt .....   | 7         |
| <b>2.1.1 Retningsliner for gjeven mynde .....</b>                              | <b>7</b>  |
| <b>2.1.2 Vidaredelegering .....</b>  | <b>7</b>  |
| <b>2.1.3 Tilbakekalling av mynde.....</b>                                      | <b>7</b>  |
| <b>2.1.4 Rett til ikkje å gjere bruk av mynde i særskilde saker.....</b>       | <b>7</b>  |
| <b>2.1.5 Omgjeringsrett .....</b>  | <b>7</b>  |
| <b>2.1.6 Tilbakemelding om bruk av delegert mynde .....</b>                    | <b>7</b>  |
| <b>2.1.7 Mindretalsanke .....</b>  | <b>7</b>  |
| <b>2.1.8 Partar og andre sin rett til å få eit vedtak overprøvd .....</b>      | <b>7</b>  |
| <b>2.1.9. Mynde som jamfør lovverk er gjeven direkte til fagpersonar. ....</b> | <b>8</b>  |
| <b>2.2 Mynde i<br/>budsjettsaker.....</b>                                      | <b>9</b>  |
| <b>2.2.1 Kontoplan .....</b>   | <b>9</b>  |
| <b>2.2.2 Generelt.....</b>   | <b>9</b>  |
| <b>2.2.3 Mynde til formannskap/økonomutval.....</b>                            | <b>9</b>  |
| <b>2.2.4 Mynde til ordførar og rådmann .....</b>                               | <b>10</b> |
| <b>2.2.5 Mynde til råmannen .....</b>  | <b>10</b> |
| <b>2.2.6 Avgrensingar i bruk av mynde.....</b>                                 | <b>10</b> |
| 2.3 Mynde til ordføraren.....  | 11        |
| 2.4 Mynde til råmannen .....   | 11        |
| 2.5 Mynde i personalsaker.....   | 11        |
| <b>2.5.1 Mynde til administrasjonsutvalet.....</b>                             | <b>11</b> |
| <b>2.5.2 Mynde til formannskapet.....</b>                                      | <b>12</b> |
| <b>2.5.3 Mynde til råmannen .....</b>  | <b>12</b> |
| 2.6 Mynde til dei faste utvala .....   | 13        |
| <b>2.6.1 Mynde til formannskapet.....</b>                                      | <b>14</b> |
| 2.6.1.1Mynde til formannskapet etter kommunelova .....                         | 14        |
| 2.6.1.2Mynde til formannskapet etter anna lovverk .....                        | 15        |
| <b>2.6.2 Mynde til Plan-, miljø- og teknisk utval .....</b>                    | <b>16</b> |
| 2.6.2.1Mynde til Plan-, miljø- og teknisk utval etter kommunelova .....        | 16        |
| 2.6.2.2Mynde til Plan-, miljø- og teknisk utval etter anna lovverk .....       | 16        |
| <b>2.6.3 Mynde til kontrollutvalet.....</b>                                    | <b>17</b> |
| <b>2.6.4 Mynde til administrasjonsutvalet.....</b>                             | <b>17</b> |
| <b>2.6.5 Mynde til arbeidsmiljøutvalet (AMU) .....</b>                         | <b>17</b> |
| 2.7 Mynde til råmannen .....   | 18        |
| <b>2.7.1 Alkohollova.....</b>  | <b>18</b> |
| <b>2.7.2 Serveringslova.....</b>   | <b>18</b> |
| <b>2.7.3 Opplæringslova.....</b>   | <b>18</b> |
| <b>2.7.4 Barnehagelova.....</b>  | <b>18</b> |
| <b>2.7.5 Vaksenoppplæringslova.....</b>  | <b>18</b> |
| <b>2.7.6 2.7.6. Helse - og omsorgstenestelova .....</b>                        | <b>18</b> |
| <b>2.7.7 Smittevernlova .....</b>  | <b>18</b> |
| <b>2.7.8 Tobakkskadelova .....</b>   | <b>18</b> |
| <b>2.7.9 Sosialtenestelova.....</b>  | <b>18</b> |
| <b>2.7.10 Barnevernlova .....</b>  | <b>19</b> |
| <b>2.7.11 Barnelova.....</b>   | <b>19</b> |
| <b>2.7.12 Gjeldsordningslova.....</b>  | <b>19</b> |
| <b>2.7.13 Konsesjonslova.....</b>  | <b>19</b> |
| <b>2.7.14 Jordlova .....</b>   | <b>19</b> |
| <b>2.7.15 Skogbrukslova.....</b>   | <b>19</b> |
| <b>2.7.16 Odelslova .....</b>  | <b>19</b> |

|   |           |
|---|-----------|
| <b>2.7.17 Forpaktingslova.....</b>                    | <b>19</b> |
| <b>2.7.18 Naturmangfaldlova.....</b>                  | <b>19</b> |
| <b>2.7.19 Beitelova .....</b>                         | <b>19</b> |
| <b>2.7.20 Grannegjerdelova.....</b>                   | <b>20</b> |
| <b>2.7.21 Friluftslova.....</b>                       | <b>20</b> |
| <b>2.7.22 Motorferdsel i utmark og vassdrag .....</b> | <b>20</b> |
| <b>2.7.23 Viltlova .....</b>                          | <b>20</b> |
| <b>2.7.24 Lakse- og innlandsfiskelova .....</b>       | <b>20</b> |
| <b>2.7.25 Kulturminnelova.....</b>                    | <b>20</b> |
| <b>2.7.26 Biblioteklova.....</b>                      | <b>20</b> |
| <b>2.7.27 Film- og videogramlava .....</b>            | <b>20</b> |
| <b>2.7.28 Plan- og bygningslova.....</b>              | <b>20</b> |
| <b>2.7.29 Veglova .....</b>                           | <b>20</b> |
| <b>2.7.30 Yrkestransportlova .....</b>                | <b>21</b> |
| <b>2.7.31 Vegtrafikklova.....</b>                     | <b>21</b> |
| <b>2.7.32 Matrikkellova .....</b>                     | <b>21</b> |
| <b>2.7.33 Forureiningslova .....</b>                  | <b>21</b> |
| <b>2.7.34 Brann- og eksplosjonsvernlova.....</b>      | <b>21</b> |
| <b>2.7.35 Sal av areal frå industriområde.....</b>    | <b>21</b> |
| <b>2.7.36 Sal av tomter i bustadfelt .....</b>        | <b>22</b> |
| <b>2.7.37 Byggherreforskriften.....</b>               | <b>22</b> |
| <b>2.7.38 Kulturova .....</b>                         | <b>22</b> |
| <b>2.7.39 Straffelova.....</b>                        | <b>22</b> |
| <b>2.7.40 Sivilbeskyttelsesloven.....</b>             | <b>22</b> |

## 1 Innleiing

### 1.1 Generelt

Lov om kommunar og fylkeskommunar (kommunelova) av 25. september 1992 legg opp til stor lokal fridom til organiseringsmåte. Den lokale forvaltninga skal kunne tilpassast lokale tilhøve og behov.

Dette delegasjonsreglementet erstattar delegasjonsreglement for Seljord kommune vedteke i kommunestyret juni 2011 og etterfylgjande endringsvedtak.

### 1.2 Formål med delegering

- Effektiv sakshandsaming
  - Betre samordna styring
  - Klar ansvarsdeling mellom folkevalde organ og administrasjon
  - Rettstryggleik
  - Politikare får betre høve til å konsentrere seg om overordna planer og styring
- Delegasjonsreglementet skal vere eit verktøy for å kunne realisere målsettinga om ansvars- og rollefordeling mellom det politiske og administrative nivået, og gjere sakshandsamingstida kortast mogleg.

Eit delegasjonsreglement kan aldri frita dei folkevalde for deira overordna ansvar for styring av kommunen. Det er praktiske grunnar som gjer det fornuftig at mindre saker kan delegerast nedover i systemet eller leggjast til mellombelse særutval.

### 1.3 Referansar

- Lov om kommunar og fylkeskommunar (kommunelova) av 25. september 1992 nr. 107, gjeldande frå 1. januar 1993, seinast med endringar av 17. juni 2016, gjeldande frå 1. juli 2016.
- Lov om behandlingsmåte i forvaltingssaker (forvalningslova) av 10. februar 1967, gjeldande frå 1. januar 1970, seinast med endringar av 10. juni 2016, gjeldande frå 1. juli 2016
- Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven) av 27.

juni 2008 nr. 71, gjeldande fra 1. juli 2009 og 1. juli 2012, seinast med endringar frå 4. september 2015, gjeldande frå 1. januar 2016.

## **1.4 Heimelsgrunnlag**

Kommunelova gir følgjande føresegner for delegering:

- § 8 3. ledd – Kommunestyret fastset sjølv området for formannskapet si verksemd. Kommunestyret kan tildele formannskapet avgjerdsmynde i alle saker der ikkje anna fylgjer av lov.
- § 9 5. ledd – Kommunestyret kan gje ordføraren mynde til å treffe vedtak i enkeltsaker eller i saker som ikkje er av prinsipiell karakter.
- § 10 2. ledd – Kommunestyret fastset sjølv verksemderområde for dei faste utvala. Slike utval kan tildelast avgjerdsmynde i alle saker der ikkje anna fylgjer av lov.
- § 10 4. ledd – Dei faste utvala kan gje leiar eller arbeidsutval mynde til å treffe vedtak i enkeltsaker eller i saker som ikkje er av prinsipiell karakter dersom ikkje anna fylgjer av lov.
- § 13 1. ledd – Kommunestyret kan sjølv avgjere at formannskapet, eller eit fast utval, skal ha mynde til å fatte vedtak i saker som skulle ha vore fatta av eit anna organ, når det er nødvendig at vedtak vert fatta så raskt at det ikkje er tid til å innkalle dette organet. "Hastekompetanse"
- § 23 4. ledd – Kommunalt folkevalt organ kan gje rådmannen mynde til å fatte vedtak i enkeltsaker eller saker som ikkje er av prinsipiell karakter, så sant kommunestyret ikkje har fatta vedtak om noko anna.
- § 24 1. ledd – Kommunestyret kan tildele formannskapet, faste utval, styre eller rådmannen mynde til å opprette og leggje ned stillingar og til å treffe avgjersle i personalsaker.

## **1.5 Politisk organisering**

Politisk organisering i Seljord kommune blei vedteke i kommunestyret 17.10.2019:

Kommunestyret  
Formannskap/økonomiutval  
Samfunnsutval  
Velferdsutval  
Administrasjonsutval  
Arbeidsmiljøutval  
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne  
Kontrollutval  
Politiråd  
Eldreråd  
Ungdomsråd  
Beredskapsråd  
Klagenemnd

Kommunestyret eller formannskapet kan oppnemne komitear med 3-5 medlemmer til større politiske saker.

## **2 Mynde**

### **2.1 Generelt**

#### *2.1.1 Retningsliner for gjeven mynde*

All delegert mynde skal brukast i samsvar med lover, vedtekter og retningsliner gjevne av

overordna organ, og innanfor ramma av budsjett og føresetnader. Ei sak er ikkje prinsipiell når det ligg føre lover, retningsliner eller liknande for korleis ei sak skal behandalast, og/eller ein har praksis frå tidlegare saker. All delegasjon frå politiske nivå til administrasjonen skal gå til rådmannen.

#### *2.1.2 Vidaredelegering*

Avgjerdsmynde som er delegert til eit fast politisk organ, kan organet delegera vidare til rådmannen, jf. § 23 4. ledd i kommunelova. Delegasjon gjeve til rådmannen, kan rådmannen delegera vidare til underordna.

#### *2.1.3 Tilbakekalling av mynde*

Eit overordna organ kan krevja å få framlagt ei sak som eit underordna organ har til behandling etter delegert mynde. Overordna organ kan treffe vedtak innom saksområde som er delegert utan først å trekke mynde tilbake.

#### *2.1.4 Rett til ikkje å gjere bruk av mynde i særskilde saker*

Organ som har fått delegert mynde, kan overlate til overordna organ å ta avgjerd i spesielle saker.

#### *2.1.5 Omgjeringsrett*

Eit overordna organ kan gjere om eit vedtak som underordna organ har gjort, jf. § 35 i forvaltningslova.

#### *2.1.6 Tilbakemelding om bruk av delegert mynde*

Vedtak gjort etter delegert mynde skal rapporterast tilbake dersom det organet som har delegert mynde, bed om det.

#### *2.1.7 Mindretalsanke*

I organ der mynde er delegert, kan 2 medlemmer, ordførar eller rådmann (eller dei som møter i deira stad) innan møtet er slutt, krevje saka lagt fram for nærmeste overordna organ.

#### *2.1.8 Partar og andre sin rett til å få eit vedtak overprøvd*

Enkeltvedtak kan pålagast av ein part eller nokon annan med rettsleg klageinteresse. For enkeltvedtak som er fatta av forvaltningsorgan oppretta i medhald av kommunelova, skal klage fremjast for det organet som har fatta vedtaket. Dette organet er underinstans ved klagebehandling og skal vurdere saka på nytt. Dersom organet held oppe vedtaket som

blir påklaga, skal saka sendast klageorganet til behandling. Alle politiske organ som har fått delegert mynde, har òg mynde til å opptre som underinstans i klagebehandlingssaker.

Mynde til å opptre som underinstans ved behandling av klager på administrative vedtak, blir lagt til det politiske organet som saka fagleg høyrer til. Opprettheld dette organet vedtaket som er fatta av administrasjonen, skal saka sendast klageorganet til behandling. Den kommunale klagenemnda er klageinstans for vedtak fatta av organ oppretta etter kommunelova, dersom det ikkje er gjort særleg unntak for det.

Departementet (fylkesmannen) er likevel klageinstans når vedtak er fatta av kommunestyret. For vedtak fatta etter særlov er statleg organ klageinstans.

#### *2.1.9. Mynde som jamfør lovverk er gjeven direkte til fagpersonar.*

Lovgivar har i nokre høve gjeve mynde direkte til stillingar eller fagpersonar gjennom særlov.

Døme på slik mynde kan vera mynde til kommmuneoverlegen etter helselovgivinga og

mynde til barnevernsfagleg leiar etter barneverntenestelova.

Slik mynde gitt direkte i lova kan ikkje delegerast eller overstyrast internt i kommunen, og dette delegasjonsreglementet omfattar difor ikkje slik mynde.

## **2.2 Mynde i budsjettsaker**

### *2.2.1 Kontoplan*

| Konto | Ansvar | Teneste |
|-------|--------|---------|
| 11053 | 210    | 2020    |

Konto (art) er dei ulike artane som blir nytta for å leve ei teneste. Til dømes 11053 – Læremiddel og undervisningsutstyr.

Ansvar beskriv kven som har ansvar for å leve tenesta. Til dømes 210 - Seljord barneskule. Teneste er dei ulike tenestene som dei ulike ansvara driv. Til dømes 2020 – Grunnskule.

### *2.2.2 Generelt*

Seljord kommune har tre rapporteringsnivå med tilhøyrande disponeringsmynde.

- Nivå 1 – Programområde (PO) vert definert av det fyrste talet i ansvarsdimensjonen i kontoplanen (1,2,3,4 eller 5).
- Nivå 2 – Netto hovudansvarsområde vert definert av det andre talet i ansvarsdimensjonen i kontoplanen ( til dømes 21 som er grunnskule), 22 som er førskule (barnehage) og 23 som er kulturskule.
- Nivå 3 – Netto ansvar vert definert av det tredje talet i ansvarsdimensjonen (til dømes 210 Seljord barneskule, 211 Seljord ungdomsskule og 212 Flatdal skule.

Kommunestyret (nivå 1) vedtek årsbudsjettet på netto programområdenivå. Skal ein i løpet av budsjettåret flytte pengar mellom programområda, er det ei budsjettendringssak for kommunestyret.

Formannskapet (nivå 2) har ansvar for årsbudsjettet på netto hovudansvarsnivå.

Formannskapet kan i løpet av budsjettåret flytte pengar mellom hovudansvara.

Rådmannen (nivå 3) har ansvar for årsbudsjettet på netto ansvar, teneste- og/eller artsnivå.

Skal ein i løpet av budsjettåret flytte pengar mellom ansvar, tenester og/eller art, er det ei budsjettendringssak for rådmannen. Rådmannen kan subdelegere disponeringsmynde sitt.

### *2.2.3 Mynde til formannskap/økonomutval*

Alle saker av økonomisk karakter skal behandlast av formannskapet/økonomiutvalet.

Formannskapet blir delegert mynde til bruk av næringsfond I og tilskotspostar (KOSTRAart 470) innafor ansvar 440-kultur.

### *2.2.4 Mynde til ordførar og rådmann*

Ordføraren får mynde til å godkjenne rentevilkår og rentebindingsperiode på lån etter innstilling frå rådmannen. Det gjeld både ved opptak av nye lån og ved endring av rentevilkår og rentebindingsperiode på løpende lån. Finansreglement for Seljord kommune gir nærmare retningslinjer for opptak av lån og rentevilkår.

### *2.2.5 Mynde til rådmannen*

Rådmannen har mynde til å gje Startlån, tilskot til etablering og butilskottsordninga innafor Husbanken sine reglar og retningslinjer.

Rådmannen har mynde til å gje lån og garantiar innom Lov om sosialtenester i arbeids- og

velferdsforvaltningen.

Rådmannen har mynde til bruk av disposisjonsfondet innom det programområdet det er avsett frå. Gjeld ikkje det ordinære (felles) disposisjonsfondet.

Rådmannen har mynde til å disponere bundne driftsfond når det trengst for å dekkje tilsvarande utgifter. Unntak: Næringsfond.

Rådmannen har mynde til bruk av disposisjonsfondet innom det programområdet det er avsett frå. Gjeld ikkje det ordinære (felles) disposisjonsfondet.

Rådmannen har mynde til å disponere bundne driftsfond når det trengst for å dekkje tilsvarande utgifter. Unntak: Næringsfond.

Rådmannen har mynde til avsettingar til bundne drifts- og investeringsfond. Rådmannen har

mynde til tilvisningar og delegasjon av desse

## 2.2.6 Avgrensingar i bruk av mynde

Mynde kan ikkje nyttast til å gjere disposisjonar i strid med prioriteringar eller føresetnader frå kommunestyret si side.

## 2.3 Mynde til ordføraren

Ordføraren har rett til å ta med seg folkevalde på møte og konferansar så langt han finn det føremålstenleg.

Ordføraren kan etter avtale med rådmannen be tenestemenn greie ut saker.

Ordføraren avgjer representasjonssaker og saker om gaver innanfor budsjettet.

## 2.4 Mynde til rådmannen

Med heimel i § 23 4. ledd i kommunelova blir rådmannen gjeve mynde til å avgjere einskildsaker eller andre saker som ikkje er av prinsipiell karakter. Finn rådmannen saka prinsipiell, skal saka leggjast fram for folkevalde organ sjølv om ho høyrer til eit rutineprega område.

Rådmannen har mynde til å fordele den statlege og kommunale støtta til dei politiske partia i samsvar med gjeldande retningsliner fastsette av departementet.

Rådmannen har mynde til å godkjenne bortleige av kommunale bustader, og til å seie opp leigetilhøvet.

Rådmannen har mynde til å avgjere om ein skal fråfalle prioritet for lån når dette ikkje fører med seg tapsrisiko for kommunen.

Rådmannen har mynde til å engasjere i sysselsetningsarbeid.

Rådmannen har mynde til å fordele støtte til trudomssamfunn etter gjeldande retningsliner.

Rådmannen har innstillingsrett til alle politiske organ med unntak av kontrollutvalet.

Rådmannen har mynde til å ettergje/stryke alle uteståande kortsiktige krav.

Rådmannen har mynde til å sette i verk hastetiltak i samband med større kriser/katastrofar.

## 2.5 Mynde i personalsaker

### 2.5.1 Mynde til administrasjonsutvalet

Administrasjonsutvalet er oppretta med heimel i kommunelovas § 25. Arbeidsgjearvarsida vel sine representantar til utvalet mellom medlemmene i formannskapet.

Administrasjonsutvalet er kommunen sitt utval i personalsaker. Utvalet innstiller til kommunestyret i saker som gjeld:

- Personalpolitiske retningsliner
- Overordna organisasjons- og bemanningsplanar
- Tilsetjing av rådmann

- Avskjed av rådmann

Administrasjonsutvalet har mynde til å avgjere saker som gjeld:

- Oppretting av nye stillingsheimlar eller nedlegging/inndraging av stillingsheimlar
- Å vedta opplæringsplan.
- Avtaler, unnateke avtaler som kjem inn under punkt 2.5.2

- Administrasjonsutvalet har mynde til å godkjenne arbeidsavtale, instruksar eller stillingsbeskriving for rådmannen.
- Der det i personalsaker er klagerett, er administrasjonsutvalet klageorgan. Administrasjonsutvalet har mynde til å avgjera tvistesørsmål som gjeld tolking og praktisering av avtaler, reglement og andre avgjerder som gjeld arbeidstakarane sine tilsettjings- og arbeidsvilkår.
- Administrasjonsutvalet har mynde til å oppnemne forhandlingsutval på 3 medlemmer med varamedlemmer til å føre forhandlingar etter kapittel 3.4. 1. i Hovudtariffavtala (gjeld rådmannen si løn).
- Administrasjonsutvalet oppnemner intervjuutval ved tilsetting av rådmann.

#### *2.5.2 Mynde til formannskapet*

Formannskapet har mynde til å vedta sentrale tariffavtalar.

#### *2.5.3 Mynde til rådmannen*

Med heimel i § 24 1. ledd i kommunelova har rådmannen mynde til å avgjere personalsaker (tilsettingar, permisjonar m.m.)

Mynde omfattar avgjerd i fylgjande type saker:

- Tilsetting i alle godkjente stillingsheimlar, med unntak av rådmannstillinga.
- Mellombels tilsettingar og vikariat
- Omgjering av vedtekne stillingsheimlar
- Omplasseringar
- Avskjed og oppseiringar
- Permisjonar
- Konstituering i vakante stillingar
- Vurdere ledige stillingar før utlysing
- Avgjerder i samband med personalutvikling/opplæring/kompetanseutvikling.
- Iverksetting av tiltak heimla i opplæringsplanen

- Rådmannen har mynde til å avgjera eventuelle nestleiarfunksjonar.
- Rådmannen har mynde til å føre drøftingar og lokale forhandlingar etter kapittel 3, 4 og 5 i Hovudtariffavtala for KS tariffområde. Rådmannen har mynde til å godkjenne forhandlingsprotokollane.
- Rådmannen har mynde til å fastsetje lønns- og arbeidsvilkår ved nyttilsetting.

### **2.6 Mynde til dei faste utvala**

Etter § 10 2. ledd i kommunelova vedtek kommunestyret at formannskapet/økonomiutvalet, administrasjonsutvalet og Plan-, miljø- og teknisk utval skal ha innstillingsrett til kommunestyret i saker der avgjerdssetten ikkje er delegert frå kommunestyret.

Etter § 10 5. ledd i kommunelova delegerer kommunestyret mynde til formannskap/økonomiutval, administrasjonsutvalet og Plan-, miljø- og teknisk utval

med høve til å opprette komitear/ad hoc utval til særskilde saker.  
Mynde kan bli delegert til komitear/ad hoc utval.  
Fordeling av ansvarsområde mellom dei ulike  
utvala:

### **Formannskapet/økonomiutvalet Plan-, miljø- og teknisk utval**

Økonomiplan, årsbudsjett og skattevedtak

Plan- og bygningslova

Rekneskap og årsmelding Regulerings-, plan- og byggjesaker

Skule og barnehage Landbruk – konsesjons- og delingssaker

Helse og omsorg Sakar etter jordlova, skoglova og odelslova

Kulturskule Forvalting av kommunale bygg og eigedommar

Vaksenopplæring Vann, avlaup og renovasjon

Flyktningar Miljø

Samferdsel Viltforvaltning med tilhøyrande løyvesaker

Skjenkeløyve

Næringssaker

Landbruksutvikling

Kultur

Bibliotek

Formannskapet er økonomiutval.

Plan-, miljø- og teknisk utval er kommunen sitt faste utval for plansaker (planutval), jf. § 3-3 i Plan- og bygningslova.

#### **2.6.1 Mynde til formannskapet**

- Formannskapet har ansvar for økonomiplan, årsbudsjett og skattevedtak, jf. kommunelova § 8 3. ledd.
- Formannskapet har avgjerdssrett i alle saker som ikkje er delegerte til andre utval eller som etter gjeldande lov skal bli avgjort av kommunestyret sjølv, mao. alle saker som gjeld søknader om økonomiske tilskot.

##### **2.6.1.1 Mynde til formannskapet etter kommunelova**

- Formannskapet har mynde til å delegere til rådmannen i samsvar med § 23 4. ledd i kommunelova.
- Formannskapet har mynde til å ta avgjerd etter § 13 i kommunelova, "hastekompetanse"
- Formannskapet har mynde i alle saker som er delegerte frå kommunestyret

##### **2.6.1.2 Mynde til formannskapet etter anna lovverk**

Formannskapet får mynde til avgjerd innafor sitt ansvarsområde i alle lover, føresegner og retningsliner som kommunestyret kan delegere, med unntak av mynde som er delegerte til administrasjonsutvalet, Plan-, miljø- og teknisk utval, eventuelle komitear og ad hoc utval, samt mynde gjeve til rådmannen og mynde som jamfør lovverk er gjeven direkte til fagpersonar (jamfør punkt 2.1.9.).

Dette gjeld m.a. innom følgjande lovverk:

- Lov om grunnskule og den vidaregåande opplæring av 17. juli 1988 nr. 61 med tilhøyrande føresegner (opplæringslova).
- Lov om barnehagar av 17. juni 2005 nr. 64 med tilhøyrande føresegner (barnehagelova).
- Lov om vaksenopplæring av 19. juni 2009 nr. 95 med tilhøyrande føresegner (vaksenopplæringslova).
- Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. av 24. juni 2011 nr. 30 (helse- og omsorgstjenesteloven).

- Lov om vern mot smittsame sjukdommar av 24. juni 1994 nr. 55 (smittevernelova).
- Lov om vern mot tobakkskader av 9. mars 1973 nr. 14 (tobakkskadelova).
- Lov om barnevernstenester av 17. juli 1992 nr. 100 (barnevernlova).
- Lov om barn og foreldre av 8. april 1981 nr. 7 (barnelova).
- Lov om frivillig og tvungen gjeldsordning for privatpersonar av 17. juli 1992 nr. 99 (gjeldsordningslova).
- Veglov av 21. juni 1963 nr. 23 (veglova) (§ 56 – bompengar private vegar).
- Lov om yrkestransport med motorvogn og fartøy av 21. juni 2002 nr. 45 (yrkestransportlova).
- Vegtrafikklov av 18. juni 1965 nr. 4 (vegtrafikkloven).
- Lov om omsetning av alkoholhaldig drikke m. v. av 2. juni 1989 nr. 27 (alkohollova).

Formannskapet blir gjeve mynde til å avgjere alle sals- og skjenkeløyvesaker. Jf. "Alkoholpolitiske retningslinjer for Seljord kommune".

- Lov om forpaktning av 25. juni 1965 nr. 1 (forpaktningslova).
- Lov om hundehold av 4. juli 2003 nr. 74 (hundeloven).
- Lov om matproduksjon og mattrყgleik m. v. av 19. desember 2003 nr. 124 (matlova).
- Lov om ymse beitespørsmål av 16. juni 1961 nr. 12 (beitelova).
- Lov om grannegjerde av 5. mai 1961 (grannegjerdelova).
- Lov om friluftslivet av 28. juni 1957 nr. 16 (friluftslova).
- Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag av 10. juni 1977 nr. 82 (motorferdselslova).
- Lov om laksefiske og innlandsfisk m. v. av 15. mai 1992 nr. 47 (lakse- og innlandsfiskelova).
- Lov om kulturminne av 9. juni 1978 nr. 50 (kulturminnelova).
- Lov om folkebibliotek av 20. desember 1985 nr. 108 (folkebibliotekslova).
- Lov om film og videogram av 15. mai 1987 nr. 21 (film- og videogramlova).
- Lov 29. juni 2007 nr. 89 om offentlege styresmakters ansvar for kulturverksemd (kulturlova).

### ***2.6.2 Mynde til Plan-, miljø- og teknisk utval***

- Plan, miljø og teknisk utval får mynde til å handsame søknader om tilleggsareal som har ein øvre storleik på 500 kvm og som terremessig naturleg kan leggjast til søkjær sin eigedom.

#### ***2.6.2.1 Mynde til Plan-, miljø- og teknisk utval etter kommunelova***

- Plan-, miljø- og teknisk utval har mynde i alle saker delegerte frå kommunestyret.
- Plan-, miljø- og teknisk utval er delegert mynde som kommunen sitt faste utval for plansaker (planutvalet). Jf. § 3-3 i plan- og bygningslova med unntak av planstrategi og kommuneplan.
- Plan-, miljø- og teknisk utval har mynde til å delegere til rådmannen i samsvar med § 23 4. ledd i kommunelova.

#### ***2.6.2.2 Mynde til Plan-, miljø- og teknisk utval etter anna lovverk***

- Miljøforvaltning/Lokal Agenda 21. Plan-, miljø- og teknisk utval har avgjerdssrett i saker innom ansvarsområdet.
- Lov om vern mot forureiningar og om avfall av 13. mars 1981 nr. 6. (forureiningslova).

Med heimel i § 83 er Plan-, miljø- og teknisk utval delegert mynde til å gjere enkeltvedtak, inklusive avgjerd ved søknad om dispensasjon frå gjeldande føresegner.

- Plan- og bygningslova av 27. juni 2008 nr. 71 (plan- og bygningslova). Plan-,

miljø- og teknisk utval gjer vedtak i saker som etter plan- og bygningslova kan delegerast frå kommunestyret.

- Lov om eigedomsregistrering av 17. juni 2005 nr. 101 (matrikkellova).
- Lov om konsesjon ved erverv av fast eigedom m. v. av 28. november 2003 nr. 98 (konsesjonslova).
- Lov om jord av 12. mai 1995 nr. 23 (jordlova).
- Lov om skogbruk av 27. mai 2005 nr. 31 (skogbrukslova).
- Lov om odelsretten og åsetesretten av 28. juni 1974 nr. 58 (odelslova).
- Lov om viltet av 29. mai 1981 nr. 38 (viltlova).

#### *2.6.3 Mynde til kontrollutvalet*

Kontrollutvalet si rolle er fastlagd i kommunelova § 77. Kommunestyret skal sjølv velje eit kontrollutval til å ivareta det løpende tilsynet med den kommunale og fylkeskommunale forvaltinga på kommunen sine vegner.

#### *2.6.4 Mynde til administrasjonsutvalet*

Administrasjonsutvalet er oppretta med bakgrunn i kommunelova § 25.

Administrasjonsutvalet behandler saker som gjeld forholdet mellom kommunen som arbeidsgjever og dei tilsette.

#### *2.6.5 Mynde til arbeidsmiljøutvalet (AMU)*

Arbeidsmiljøutvalet er oppretta med bakgrunn i arbeidsmiljølova § 7-1. Arbeidsmiljøutvalet skal virke for gjennomføring av eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø i verksemda. Utvalet skal delta i planlegging av verne- og miljøarbeidet, og nøyne følgje utviklinga i alt som gjeld tryggleik, helse og velferd for arbeidstakarane.

### **2.7 Mynde til rådmannen**

#### *2.7.1 Alkohollova*

Lov om omsetting av alkoholhaldig drikk m. v. av 2 juni 1989 nr. 27 (alkohollova).

Rådmannen har mynde til å gje innskrenka skjenkeløyve og skjenkeløyve ved eitt bestemt høve/einskild arrangement.

#### *2.7.2 Serveringslova*

Lov om serveringsvirksomhet av 13. juni 1997 nr. 55 (serveringslova). Rådmannen har mynde i alle saker som etter lova kan delegerast til rådmannen.

#### *2.7.3 Opplæringslova*

Lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa av 17. juli 1998 nr. 61 (opplæringslova). Rådmannen får mynde i alle saker som ikkje er prinsipielle, herunder alle enkeltvedtak og tilsynsoppgåver.

#### *2.7.4 Barnehagelova*

Lov om barnehagar av 17. juni 2005 med tilhøyrande føresegner (barnehagelova). Rådmannen får mynde i alle saker som ikkje er av prinsipiell karakter, herunder alle enkeltvedtak og tilsynsoppgåver.

#### *2.7.5 Vaksenopplæringslova*

Lov om vaksenopplæring av 19. juni 2009 nr. 95 med tilhøyrande føresegner (vaksenopplæringslova). Rådmannen har mynde i saker som ikkje er prinsipielle.

#### *2.7.6 Helse - og omsorgstenestelova*

Lov om kommunale helse og omsorgstenester m.m. av 24.06.2011. Rådmannen har mynde

til å gjere vedtak i alle saker av ikkje prinsipiell karakter.

#### **2.7.7 Smittevernlova**

Lov om vern mot smittsame sjukdommar av 24. juni 1994 nr. 55 (smittelova).

Rådmannen har mynde så langt lova tillet.

#### **2.7.8 Tobakkskadelova**

Lov om vern mot tobakkskader, lov 1973 – 03- 09- 14.

Rådmannen har mynde så langt lova tillet.

#### **2.7.9 Sosialtenestelova**

Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltningen, lov av 18.12.2009.

Rådmannen har mynde til å gjere vedtak etter lova.

#### **2.7.10 Barnevernlova**

Lov om barneverntenester av 17. juli 1992 nr. 100 (barnevernlova). Rådmannen blir delegert mynde til avgjerd etter § 2-1 i lova.

#### **2.7.11 Barnelova**

Lov om barn og foreldre av 8. april 1981 nr 7. (barnelova)

#### **2.7.12 Gjeldsordningslova**

Lov om frivillig og tvungen gjeldsordning for privatpersonar av 17. juli 1992 nr. 99 (gjeldsordningslova). Rådmannen får dei myndene som er nødvendige for å ivareta kommunen sine plikter.

#### **2.7.13 Konsesjonslova**

Lov om konsesjon ved overtaking av fast eigedom av 28. november 2003 nr. 98 (konsesjonslova). Rådmannen har mynde til avgjerd i alle saker som ikkje er av prinsipiell karakter.

#### **2.7.14 Jordlova**

Lov om jord av 12. mai 1995 nr. 23 (jordlova). Rådmannen har mynde til avgjerd i alle saker som ikkje er av prinsipiell karakter.

#### **2.7.15 Skogbrukslova**

Lov om skogbruk av 27. mai 2005 (skogbrukslova). Rådmannen har mynde til avgjerd i alle saker som ikkje er av prinsipiell karakter.

#### **2.7.16 Odelslova**

Lov om odelsretten og åsetesretten av 28. juni 1974 nr. 58 (odelslova). Rådmannen har mynde til avgjerd ved blinking og utrekning av verdiauknen av tilvekst etter § 63 i odelslova.

#### **2.7.17 Forpaktingslova**

Lov om forpakting av 25. juni 1965 nr. 1 (forpaktingslova). Rådmannen har mynde til godkjenning av forpaktingskontraktar/-avtaler, jf. § 4.

#### **2.7.18 Naturmangfaldlova**

Lov om forvaltning av naturens mangfald av 19. juni 2009 nr. 100 (naturmangfaldlova). Rådmannen har mynde til å avgjere saker av ikkje prinsipiell karakter.

#### **2.7.19 Beitelova**

Lov om ymse beitespørsmål av 16. juni 1961 nr. 12 (beitelova). Rådmannen har mynde til å avgjere saker av ikkje prinsipiell karakter.

### **2.7.20 Grannegjerdelova**

Lov om grannegjerde av 5. mai 1961 (grannegjerdelova). Rådmannen har mynde til å opptre på kommunen sine vegne i nabosaker, og avgjere saker av ikke prinsipiell karakter.

### **2.7.21 Friluftslova**

Lov om friluftslivet av 28. juni 1957 nr. 16 (friluftslova). Rådmannen har mynde til å avgjere saker av ikke prinsipiell karakter.

### **2.7.22 Motorferdsel i utmark og vassdrag**

Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag av 10. juni 1977 nr. 82 (motorferdsellova). Rådmannen har mynde til avgjerd etter § 5 i forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagde vassdrag og etter § 6 i lova gje dispensasjon.

### **2.7.23 Viltlova**

Lov om viltet av 29. mai 1981 nr. 38 (viltlova). Rådmannen har mynde til å avgjere saker av ikke prinsipiell karakter.

### **2.7.24 Lakse- og innlandsfiskelova**

Lov om laksefisk og innlandsfisk m. v. av 15. mai 1992 nr. 47 (lakse- og innlandsfiskelova). Rådmannen har mynde til å avgjere saker av ikke prinsipiell karakter.

### **2.7.25 Kulturminnelova**

Lov om kulturminne av 9. juni 1978 nr. 50 (kulturminnelova). Rådmannen har mynde til å avgjere saker av ikke prinsipiell karakter.

### **2.7.26 Biblioteklova**

Lov om folkebibliotek av 20. desember 1985 nr. 108 (folkebiblioteklova). Rådmannen har mynde til å avgjere saker av ikke prinsipiell karakter.

### **2.7.27 Film- og videogramlova**

Lov om film og videogram av 15. mai 1987 nr. 21 (film- og videogramlova). Rådmannen har mynde til å avgjere saker av ikke prinsipiell karakter.

### **2.7.28 Plan- og bygningslova**

Plan- og bygningslov av 27. juni 2008 nr. 71 (plan- og bygningslova). Rådmannen har mynde til avgjerd i alle saker som ikke skal bli avgjort av kommunestyret sjølv eller av Plan-, miljø- og teknisk utval/planutvalet.

### **2.7.29 Veglova**

Veglov av 21. juni 1963 nr. 23 (veglova). Med heimel i § 9 3. ledd blir rådmannen delegert mynde som vegstyresmakt for kommunale vegar i alle saker som ikke er prinsipielle.

### **2.7.30 Yrkestransportlova**

Lov om yrkestransport med motorvogn og fartøy av 21. juni 2002 nr. 45 (yrkestransportlova).

### **2.7.31 Vegtrafikklova**

Vegtrafikklov av 18. juni 1965 nr. 4 (vegtrafikklova) og forskrifter. Rådmannen har mynde til å avgjere saker av ikke prinsipiell karakter med heimel i § 4 i vegtrafikklova og §§ 28 og 29 i skiltforskriftene. Gjeld og

### **2.7.32 Matrikkellova**

Lov om eigedomsregistrering av 17. juni 2005 nr. 101 (matrikkellova). Rådmannen har mynde til avgjerd i saker utan prinsipiell karakter. Mynde til frådeling av areal på inntil 2 dekar.

#### **2.7.33 Forureiningslova**

Lov om vern mot forureiningar og om avfall av 13. mars 1981 nr. 6 (forureiningslova). Rådmannen har mynde til avgjerd i alle saker som ikkje er av prinsipiell karakter etter § 22 2. ledd, § 26 5. ledd og §§ 35 og 37.

#### **2.7.34 Brann- og ekspløsjonvernlova**

Lov om vern mot brann, ekspløsjon og ulykker med farleg stoff og brannvesenets redningsoppgåver av 14. juni 2002 nr. 20 (brann- og ekspløsjonvernlova). Rådmannen blir delegert alle mynde til avgjerd etter brann- og ekspløsjonvernlova med forskrifter med unntak av prinsipielle saker.  
§ 6 5. ledd og § 7.

#### **2.7.35 Sal av areal frå industriområde**

Rådmannen har mynde til å ta avgjerd ved sal av areal frå næringsområde i kommunen på fylgjande vilkår:

- På arealet skal det drivast næringsverksemd.
  - Skøyte vert utferda etter oppmåling/betaling
  - Oppmålings-, opparbeidings- og overdragingskostnader skal betalast av kjøpar.
  - Næringsaktiviteten skal starte innan eitt år etter at skøyte er utferda.
- Rådmannen kan i spesielle tilhøve gje dispensasjon inntil tre år
- Rådmannen har ved spesielle høve mynde til å trekke tilbake tildelt tomt i tida utover eitt år.
  - Dersom næringsarealet ikkje lengre vert nytta aktivt, skal det vidareseljast til annan aktiv næringsverksemd.
  - Ved utarbeiding av retningsliner/reguleringsføresegner for næringsareal skal desse fylgjast, eventuelt med tillegg av det som er delegert her.

#### **2.7.36 Sal av tomter i bustadfelt**

Rådmannen har mynde til avgjere tomtesal i bustadfelt i kommunen på fylgjande vilkår:

- På arealet skal det førast opp bustad. Det berre i unntakstilfelle høve til å selje tomter som tilleggsareal.
  - Skøyte vert utferda etter oppmåling/betaling.
  - Oppmålings- og overdragingskostnader skal betalast av kjøpar.
  - Bygging på tomt skal starte innan eitt år etter at skøyte er utferda.
- Rådmannen kan i spesielle tilhøve gje dispensasjon inntil to år.
- Rådmannen har ved spesielle tilhøve mynde til å trekke tilbake tildelt tomt i tida utover eit halvt år.
  - Dersom tomta ikkje vert nytta i tråd med punkta ovanfor skal tomta gå tilbake til kommunen mot refusjon av salssummen.
  - Ved utarbeidde retningsliner/reguleringsføresegner for bustadfelt skal desse fylgjast, eventuelt med tillegg av det som er delegert her

#### **2.7.37 Byggherreforskriften**

Forskrift av 3. august 2009 nr. 1028 om tryggleik, helse og arbeidsmiljø på bygge- og anleggslassar (byggherreforskriften). Rådmannen har mynde til å peike ut nødvendige ansvarspersonar (koordinator) for tryggleik, helse og arbeidsmiljø ved bygge- og anleggslassar der kommunen er byggherre.

#### **2.7.38 Kulturlova**

Lov om offentlege styremakters ansvar for kulturverksemد av 29. juni 2007 nr. 89.  
Rådmannen har mynde til å ta avgjerd i saker som ikkje er av prinsipiell karakter.

#### **2.7.39 Straffelova**

Straffelova 1902-05-22 § 79 5. ledd, omfattar mynde til å krevje påtale for straffbare handlingar overfor kommunen i høve tjuveri, underslag, hærverk samt truslar og sjikane mot offentlege tilsette.

#### **2.7.40 Sivilbeskyttelsesloven**

Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret av 25. juni 2010 nr. 45 (sivilbeskyttelsesloven). Rådmannen har mynde til å ta avgjerd i saker som ikkje er av prinsipiell karakter.

**Planar/tiltak:**

Rådmannen har mynde til å godkjenne planar/tiltak der vilkåra for godkjenning fylgjer av føresegner, og der skjønnsmessig fastsette krav er kurante i høve til gjevne retningsliner.

**Pålegg:**

Rådmannen har mynde til å gje pålegg i samband med oppfylging av godkjenningar, kontroll av driftstilhøve og klager frå publikum på helsemessige og hygieniske miljøulemper, når pålegget er kurant i høve til gjevne forskrifter og/eller retningsliner. Pålegg som fører til omfattande konsekvensar for dei det gjeld, skal leggjast fram for formannskapet.

**Miljøretta helsevern:**

Rådmannen har mynde til å uttale seg i enkeltsaker som gjeld miljøretta helsevern når saka ikkje er av prinsipiell karakter.